

Strandsvingel, engsvingel, bladfaks

Synneva Gjelland, NIBIO

Endra klima og endra driftsmåtar påverkar kva artar som er best eigna i enga. Det er eit stort område der vekstsesongen er for lang til at to slåttar i timoteidominert eng er optimalt, men der vinteren er for streng til at raigraset er påliteleg. Då er strandsvingel og bladfaks aktuelle artar, som erstatning for timotei eller engsvingel eller som supplement. To ulike landsdekkjande seriar i Rettleiingsprøvingane samanliknar anten strandsvingel med timotei, engsvingel og bladfaks, eller bladfaks med timotei. Bladfaks framstår som eit dårleg val ved tre slåttar, men klarar seg godt opp mot både timotei og strandsvingel ved to. Strandsvingel fungerer ved to slåttar og er klart betre enn samanlikningsartane ved tre slåttar.